

Melding frå Kongen til Stortinget um Noregs rikes tilstand og styring i tidi etter siste melding.

Vi Haakon, Noregs konge,

gjer kunnigt:

I samsvar med grunnlovi skal Kongen med dette få gjeva melding til Stortinget um tilstandet i riket og um styringi i 1933.

Noregs chargé d'affaires e. p. i Buenos Aires er utnemnd til sendemann same stad og er dessutan akkreditera i Santiago de Chile, med di legasjonen der er nedlagd til so lenge, og i Lima (Peru), Asuncion (Paraguay) og Montevideo (Uruguay).

Vår utanrikske representasjon i Bern hev vorte skipa um, med di vår chargé d'affaires i Bern er flutt til Genève som Noregs faste delegera ved Folkesambandet. Samstundes hev legasjonen i Rom, som fyrr, teke over vår diplomatiske representasjon i Sveits.

Noreg hev vore representera på Folkesambandets 14de forsamling. Sambandsforsamlingi vart opna av stats- og utanriksminister Mowinkel som fungerande formann i Folkesambandsrådet. Noregs 3-årsbolk som medlem av Folkesambandsrådet gjekk ut i september månad.

Med Peru er det gjort ein sjøfarts-traktat.

Konvensjonen um godkjenning og fullføring av domar millom Noreg, Danmark, Finnland, Island og Sverige hev teke til å gjelda.

Det er underskrive ein konvensjon um konkurransar millom Noreg, Danmark, Finnland, Island og Sverige.

I 1933 hev 1745 kandidatar teke studenteksamen.

Ved universitetet hev i alt 424 kandidatar teke embetseksamen, ved Menighetsfakultetet 62.

Ved Noregs tekniske høgskule vart det teke upp 142 studentar og uteksaminera 116 kandidatar.

Talet på ikkje pådømde saker ved Høgsterett 1 januar 1933 var 609. Av dei var 25 straffesaker og 584 borgarlege saker. Den 1 januar 1934 var talet på ikkje pådømde saker 532, av dei 20 straffesaker og 512 borgarlege saker.

For Justisdepartementet er det ikkje gjort nokon konvensjon med framande statar i 1933.

Det er som fyrr i gang gjeldstingingar, dels gjennom vedkomande gjeldsmeklingsnemnd, dels gjennom vedkomande fylkesmann og dels gjennom departementet, for mange kommunar og nokre interkommunale kraftlag. For sume av dei kann ein venta å få i stand ei ordning i nærmaste framtid.

Folketalet i riket var ved utgangen av 1932: 2 845 079 og ein kann ved utgangen av 1933 truleg rekna det til 2 858 000.

Den oversjøiske utvandringi hev i 1933 òg vore svært liti. I månadene januar—november utvandra i alt 439 (fyrebils tal) mot 427 i same tidbolken i 1932 og 815 i 1931.

I dei fyrste 3 kvartal i 1933 var det 12 078 giftarmål mot 11 831 i same tidbolken i 1932. Talet på fødte og døde er mindre i dei 3 fyrste kvartal i 1933 enn i 1932: 32 421 fødte mot 35 090 i 1932, og 22 345 døde mot 22 547 i 1932. Fødselsoverskotet vert difor mindre i 1933 enn i 1932.

I året 1932 steig arbeidsløysa heile tidi når ein ser burt frå den vanlege sesongarbeidsløyse. Stigingi heldt fram dei fyrste månadene av 1933, men frå sumarmånadene av hev stigingi alt i alt vore mindre enn den som skulde fylgja av sesongrørsla, soleis at arbeidsløysa ved utgangen av året etter alt å døma ikkje er mykje større enn i 1932.

I januar 1933 var arbeidsløyseprosenten millom medlemene av faglagi 39,3 mot 30,4 i januar 1932, i oktober 1933 var prosenten 31,3 mot 31,6 i oktober 1932. Dette gjev uttrykk for ein relativ nedgang i arbeidsløysa i dette året. Den same tendens viser tali åt arbeidskontori etter dei oppgåvor som Det statistiske centralbyrå tek imot og arbeider ut og som gjeld dei same kontor i 1932 og 1933. Talet på arbeidssøkjande menn i slutten av månaden var soleis i januar 1932 34 204 og i slutten av januar 1933 38 366. I slutten av november 1932 var talet 36 628 og i slutten av 1933 37 876. Skilnaden millom 2 månader var mykje større i fyrsten av året enn i slutten. Det same gjeld tali for arbeidssøkjande kvinner. Den relative betringi i arbeidsløysa siste halvåret hev likevel vore større for kvinner enn for menn.

Av større arbeidskonfliktar hev det vore få i 1933. Dei viktigaste er konflikten ved Vinmonopolet frå 3 til 19 juni som galdt 400 à 450 arbeidarar og sympatistreiken ved papirfabrikkane i Drammensvassdraget frå 27 mai til 31 juli som galdt umlag 2 500 arbeidarar.

Løningane hev jamt over vore dei same gjenom 1933. Tariffrevisjonen etter stor-konflikten i 1931 fastsette for dei fleste fagi at løningane skulde stå til 1934 med høve til indeksregulering i januar 1933. Etter tingingar millom hovudorganisasjonane vart dette høvet ikkje nytta mot at tariffane skulde stå endå eit år til våren 1935. Løningane i den elektrokjemiske industrien vart i januar minka med 3,98 pct. i samsvar med eit indeksfyresegn i avtalen frå 1930. Samstundes vart avtalen forlenga til 1935. Ved lønstingingi i juli månad vart landstariffen i papirindustrien forlenga til 1935. Dei fleste lønsavtalane for dei kommunale arbeidarane heldt òg fram ubrigda i 1933. For Oslo kommune fall indeksreguleringi burt. I Stavanger, Drammen, Larvik og Haugesund vart løningane minka noko i 1933.

Det hev vore liti rørsle i prisnivået siste året òg. Engrosprisindekstalet var 123 i desember 1932 og er i desember 1933 122. Levekostnaden hev halde seg umlag med det same. Hovudindekstalet hev vore 147 heile året, anna i månadene juli, august og september då det var 148.

Helsetilstandet hev i 1933 jamt over vore godt. Det hev vore etter måten mange tilfelle av poliomyelitt på Vestlandet, serleg i Bergen, Hordaland og Sogn og Fjordane fylke. Av difteri hev det òg vore mange tilfelle, serleg i Bergen, Stavanger og Kristiansund. Elles hev farangane, etter lækjarmeldingane, ikkje vore mykje utbreidde i 1933.

Dei økonomiske tilhøve viser ikkje store skifte frå 1932 til 1933. Svingingane innan året 1933 hev òg vore mindre enn i dei fleste av dei andre etterkrigsåri.

Krona hev halda seg etter måten stabil andsynes utanlandske valutaer. Soleis hev kursen på pund i Oslo berre svinga millom grensone 19,40 og 19,90 og den siste kursen hev no praktisk tala vore gjeldande eit halvt år. Berre dollarkursen viser svære

utslag, men det hev for det meste sin grunn i den internasjonale eigirørsla åt dollaren. Kredittilhøvi hev òg i 1933 stort set vore lette. I siste halvte av året hev det likevel vore teikn til ei straming.

Prisnivået hev i 1933 halde seg meir stødt enn i noko anna etterkrigsår. Engrosprisindeksen hev berre brigda seg 2 poeng det året. Heller ikkje for levekostnadene hev det vore noko større bridge. Set under eitt ligg prisnivåi litt lågare i 1933 enn i 1932.

Utanrikshandelen hev halde seg etter måten godt uppe. Verdet av den samla umsetnaden hev gått tilbake frå 1137 millionar kronor i dei 11 fyrste månadene av 1932 til 1120 millionar kronor i same tidbolken i 1933. Nedgangen fell heilt ut på innførsla. Innførseloverskotet hev i dei 11 fyrste månadene av 1933 vore mindre enn i noko anna etterkrigsår. Dette, saman med nokor større forteneste på skipsferdsla og større forteneste på kvalfangsten hev gjeve som resultat ein positiv betalingsbalanse andsynes utlandet. Positiv betalingsbalanse hadde me ifjor óg, men overskotet til bate for Noreg i 1933 vil etter fyrebils utrekningar verta mykje større: 90 til 100 millionar kronor.

Industrien hev i 1933 havt eit vanskelegt år, men verksemd i hev, serleg i siste halvte av året, vore større enn i 1932. Det samla resultat for heile industrien vil truleg visa nokon, um enn heller liten framgang frå 1932. Utviklingi hev vore ulik for dei ymse industrigreinene. Verksemd i treindustrien og i papirindustrien hev soleis vore noko mindre i 1933 enn i 1932, medan det i den elektrokjemiske og elektrometallurgiske industrien, i gruvedrifti og olje- og feittindustrien hev vore noko meir verksemd.

Den nedgang i Noregs handelsflote som byrja i 1932, hev halde fram endå sterkare i 1933. Etter oppgåve frå sjøfartskontoret var den registrerte handelsfloten pr. 1 januar 1934 i alt 4070900 bruttotonn, mot 4180400 bruttotonn pr.

1 januar 1933. Nedgangen hev for det meste sin grunn i opphogging og sal til utlandet av eldre skip.

Året 1933 hev jamt over vore eit vanskeleg år for skipsferdsla. Fraktene på verdsmarknaden hev lege overlag lågt, og tevlingi hev vore hard, ikkje minst på grunn av den restriksjons- og subsidiepolitik som mange land fører no. Men i siste halvparten av året hev det likevel vore ei stiging i trongen til tonnasje, og upplegget av skip hev gått mykje ned. Det var i desember 383480 bruttotonn som er det minste upplegget me hev havt sidan desember 1930.

På grunn av at ein større part av floten hev vore i fart i 1933 enn i 1932, vil dei innsiglede bruttofrakter truleg visa noko høgare tal. Ein hev som eit overslag rekna med at dei upptente bruttofraktene i 1933 hev kome upp i 390 millionar kronor mot 377 millionar kronor i 1932.

Fiskeridirektøren hev fyrebils rekna den samla verdvinsten av fiskerii til umlag 60,1 millionar kronor for 1933, mot 53 millionar kronor for 1932 og 60 millionar kronor for 1931.

Torskfisket gav ein klenare fangstvinst enn i 1932, men prisane var jamt over noko høgare.

Stor- og vørsildfisket gav òg ein noko klenare mengdvinst enn året fyrr.

Feitsild- og småsildfisket var uvanleg rikt i 1933.

Av dei andre fiskerii var både brislingfisket og sildefisket ved Island klenare i 1933 enn i 1932.

Kvalfangsten i Sudishavet gav i sesongen 1932—33 eit godt resultat. For å hindra overproduksjon hadde dei norske og utanlandske selskapi vorte samde um å avgrensa fangsten til umlag halvparten av fangsten i 1930—31. Fangsten for dei norske selskapi var i 1932—33 umlag 1,1 millionar fat olje til eit samla verde på umlag 48 millionar kronor.

Posttrafikken hev ikkje havt nokon framgang i 1933 heller, men det tykkjest vera teikn til betring.

Drifti åt Telegrafverket hev stort set vore som året fyrr. Telegramtrafikken hev framleides vist nokon nedgang, medan rikstelefontrafikken i den siste halvparten av året hev synt litt stiging samanlikna med året fyrr.

Den innanrikske dampskipsferdsla med statstilskot hev stort set arbeidt under same vilkår som i 1932.

Turist- og reisetrafikken hev synt ein tolleg stor framgang.

Jordbruket arbeider framleides under vanskelege økonomiske kår. Dei rekneskapsresultat som ligg fyre frå norske gardsbruk, syner likevel noko framgang for siste rekneskapsåret samanlikna med året fyrr, og det er mot slutten av 1933 eit betre samhøve millom produktprisar og produksjonskostnader enn på same tid i 1932.

Sumaren 1933 var det over store luter av landet ein langvarig og sterk turk som sette avlingsmengdene munaleg ned. Serleg gjekk det ut over fòravlingane, og for å hindra skadeleg nedslakting av husdyri er det i samråd med Statens Kornforretning bytt ut avfallsmjøl til nedsett pris til dei distrikt som turken hadde fare verst med. Av kriseløyvingi er brukt ein sum til endå meir hjelp for dei som ein meinte ikkje hadde råd til å kjøpa avfallsmjølet.

Med beinveges tilskot og lån av jorddyrkingsfondet er nydyrka umlag 82 000 dekar og grøfta umlag 47 000 dekar fyrr dyrka men vass-sjuk jord, og det er ytt tilskot til umlag 1 100 uthus på nye bruk.

Av avlingi for 1932 vart det levera 52 000 tonn norskavla korn og utbetala prisreduksjon for 154 000 tonn til ein samla sum på umlag 5,6 millionar kronor. Pr. 1 januar 1934 er alt selt til staten 54 000 tonn av avlingi for 1933 og utbetala prisavslag for umlag 70 000 tonn ved utgangen av november, med umlag 2,5 millionar kronor.

Statens Kornforretning hev i 1933 innført ialt umlag 382 000 tonn (kornverde) korn og mjøl.

Helsetilstandet millom husdyri hev vore godt. Ein hev òg i 1933 vore fri for mule- og klauvsykja som hev synt seg i granne-landi. Kampen mot den smittsame anemi hjå hesten viser framleides dei beste resultat.

Reglane um kontroll med utførsle av ferskt kjøt (slaktekjøt) frå Noreg til Sverige er og gjort gjeldande for utførsle av ferskt kjøt — heri medrekna lettsalta flesk (bacon) — frå Noreg til Storbritania, liksom det er utferda reglar for tillaging og handsaming av sovore flesk.

Svineparatyfus er ved kongeleg resolusjon 8 september 1933 teke upp millom dei mildare smittsame sjukdomane som er umhandla i kap. 3 i husdyrlovi.

Skogbruket arbeider framleides under vanskelege økonomiske kår. Stoda ved utgangen av året er likevel noko ljósare enn i 1932, avdi tømmerprisane på grunn av stigande etterspurnad hev betra seg noko. Det hev ført med seg at skogsdrifti i vinter atter hev nådd upp imot det normale. Arbeidsverksemd i skogbruket er òg auka på grunn av dei store arbeid i skogen som vert haldne i gang med tilskot av kriseløyvingane åt staten. Men arbeidsløysa er framleides stor, serleg i dei mest typiske skogdistrikti.

Ved Noregs landbrukshøgskule vart det teke upp i alt 76 studerande i 1933. Det vart uteksaminera 14 landbrukskandidatar, 3 meierikandidatar og 1 utskiftningskandidat.

Arbeidsdrifti ved dei jarnvegsanleggi og veg-, vassbyggnings- og reguleringsarbeidi som Stortinget hev løyvt pengar til, hev gått for seg stort set i samsvar med planane og i det umfanget pengeløyvingane hev gjeve høve til.

Det hev ogso i 1933 vore sett igang naudarbeid til å avhjelpa den arbeidsløysa som no rår. Slike arbeid hev det vore i dei fleste fylke i landet. På Sørlandsbana vestanfor Kristiansand er det no sett igang arbeidsdrift for statspengar òg. I fleire år hev det vore arbeidt for distriktstilskot

som hev vore gjevne i forskot frå Oslo, Rogaland, Stavanger og Sandnes.

Namsos—Grongbana er frå 1 november 1933 opna for millombils trafikk for anlegget si rekning.

Inntektene av statsbane-drifti var siste driftsåret kr. 65 206 258 mot budgettera kr. 73 600 600. Når ein ser burt frå rentor av kapitalen åt staten var utgiftene kr. 73 214 735 mot løyvt kr. 76 082 640.

Tollintradene og laste- og fyravgifti var for budgett-terminen 1932—33 sett til kr. 115 100 000 og kr. 3 200 000. Etter rekneskapen hev det gjenom tollintradene og laste- og fyravgifti i budgetterminen 1932—33 (med frådrag for utbetala tollgodtgjersle i samhøve med tolltariffens § 13) kome inn kr. 98 891 966 og kr. 3 283 351.

I samhøve med § 2, 2dre leden i lov nr. 5 frå 22 mars 1918 vart det 15 desember 1933 ferda ut kongeleg resolusjon um at brukte personautomobilar og brukte motorsyklar til so lenge berre kann forast inn med samtykke frå Finans- og Tolldepartementet. Det er fyresetnaden at importreguleringi berre skal gjelda til Stortinget kan ta stode til framlegg um brigda reglar um toll på brukte motorkøyrety.

I samhøve med same lov er det ved kongelege resolusjonar 18 november og 1 desember 1933 fastsett fyresegner um regulering av innførsle av visse obligasjonar.

Ved mynten på Kongsberg er i 1933 mynta ut for statskassa i alt kr. 60 000 i ny skiljemynt.

Hypotekbanken hev i 1933 betala ut nye pantelån soleis:

Ved Hovudsetet . . .	pr.	³¹ / ₁₂	kr.	8 038 280
» Bergen lånekontor »		³⁰ / ₁₁	»	993 700
» Trondheim »		³⁰ / ₁₁	»	1 384 700
» Tromsø »		³⁰ / ₁₁	»	1 336 000

Kr. 11 752 680

Av den obligasjonsserien som vart ferda ut i 1932, stor kr. 25 000 000, er i 1933

selt kr. 5 190 000. For året 1934 er ferda ut ein ny obligasjonsserie, stor kr. 25 000 000, 4½ pct. renteberande. Obligasjonane er dagsette 1 januar 1934 og vert renta frå same dag.

Statsgjeldi var, når ein reknar um dei utanlandske lån etter pari kurs, pr. 30 juni 1932 kr. 1 461 990 311 og pr. 30 juni 1933 kr. 1 496 025 052, altso ei stiging i budgett-terminen 1932—33 på kr. 34 034 741. På dei faste utan- og innanlandske statslån er betalt kr. 29 110 749 og på den millombils gjeldi kr. 16 854 510. På den andre sida er det uppteke eit nytt lån på kr. 80 000 000. Samstundes er statskassemedelen (inneståande foliomedel i Noregs Bank, innskot i andre bankar og upplag av statsobligasjonar oppkjøpte til amortisering) gått upp med kr. 22 507 000.

Statsrekneskapen for budgetterminen 1932—33 er oppgjord med eit rekneskapsunderskot på kr. 35 667 041. Tek ein umsyn til at summen av utgiftsløyvingar som er overført til rådvelde i neste termin (1933—34) hev stige med kr. 1 450 437, vert underskotet kr. 37 117 478. Statens nettokapital hev i 1932—33 gått ned med kr. 99 575 064. Av dei er likevel kr. 90 214 849 som Stortinget i 1933 hev vedteke burt-postera av amortiseringskonti. Ser ein burt frå det, hev nettokapitalen åt staten minka med kr. 9 360 215.

I 1933 vart det halde våpenøvingar etter stortingsvedtaket 23 mars 1933.

Floten hev havt tokter og øvingar i samhøve med løyvingane.

Panserskipet «Tordenskjold» gjekk på dei sjøgåande øvingane i sumar til Svalbard og vitja Longyearbyen og Barentsburg.

Våren 1933 hev «Fridtjof Nansen» og «Michael Sars» havt trålaruppsynet i Finnmark. Hausten 1933 hev trålaruppsynet vore umlagt soleis at ein hev brukt «Fridtjof Nansen» saman med skøytor. «Fridtjof Nansen» var òg 2 turar til Kvitsjømyynet og Barentshavet og hjelpte innefrosne og forliste selfangarar.

Frå midten av juli til fyrst i september gjorde fartyet teneste som hjelpeskip for norske fiskarar under islandsfisket. I samband med hjelpetenesta vitja «Fridtjof Nansen» Reykjavik og byrja opplodding av

fiskebankane millom Island og Færøyane etter ein plan utarbeidd av Noregs Sjøkartverk.

Alle andre tokter og øvingar var innanfor riksgrensone.

Gjeve på Oslo slott 12 januar 1934.

Under Vår hand og riksseglet

Haakon

(L. S.)

Joh. Ludw. Mowinkel

B. Rolsted